

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	277
Land:	Afghanistan
Kilde:	CMI
Titel:	"Afghanistan Blodhemn og privat hemn Bakgrunn og Praksis"
Udgivet:	30. juli 2007
Optaget på baggrundsmaterialet:	30. juli 2007

CMICOMMISSIONEDREPORT

Afghanistan Blodhemn og privat hemn Bakgrunn og praksis

Arne Strand

Afghanistan
Blodhemn og privat hemn
Bakgrunn og praksis

Arne Strand

Innhold

FORKORTINGAR OG AFGHANSKE NEMNINGAR	IV
INNLEIING.....	1
INTRODUKSJON TIL AFGHANISTAN.....	2
ÅRSAKER TIL PRIVAT HEMN	3
DET AFGHANSKE RETTSSYSTEMET OG DRAPSOMFANG.....	6
PASHTUNWALI OG BLODHEMN	8
ANDRE ETNISKE/RELIGIØSE GRUPPER OG HEMN	10
KONKLUSJON	11
LITTERATURLISTE	13

Forkortingar og afghanske nemningar

AIHRC	Afghan Independent Human Rights Commission
ANBP	Afghan New Beginning Program
DDR	Demobilisation, Disarmament and Reintegration
NGO	Non-governmental Organisation
<i>Jihad</i>	Heilag krig
<i>Jirga</i>	Pashtunsk (mannleg) rådsforsamling
<i>Mujahideen</i>	Heilage krigarar
PDPA	Peoples Democratic Party of Afghanistan
<i>Shura</i>	Rådsforsamling, tradisjonelt for konflikthandtering
<i>Taliban</i>	Religiøse studentar, og navn på rørsle som kontrollerte brorparten av Afghanistan frå 1996 til 2001
TJP	Transitional Justice Process
UNAMA	United Nations Assistance Mission for Afghanistan
UNDP	United Nations Development Program

Innleiing

Denne rapporten er tinga av LANDINFO. Datainnsamling og intervju vart utført i Kabul i november og desember 2006 av Arne Strand og Sarwar Akbari. Dette inkluderte intervju med seniorrepresentantar for det afghanske Innanriksministeriet, Høgsterett, politiet, Afghan Independent Human Rights Commission (AIHRC) og forskjellige etniske grupper. Rapporten trekkjer vidare på tilgjengeleg litteratur om temaet blodhemn og privat/politisk hemn, og tidlegare intervju og meir uformelle samtalar om temaet med ei rekke *pashtunrar*, religiøse leiarar og representantar frå forskjellige etniske grupper.

Det er to typar hemn som vil verta presentert og drøfta i denne rapporten:

Blodhemn: er ein kollektiv hemn som fordrar drap for å gjenopprette eiga eller slekta si ære. Dersom dette ikkje kan skje gjennom ei forhandla løysning gjennom eit råd (*jirga*), kan hemnakta halde fram til anten alle mannlege familiemedlemmer hjå den eine parten er drepne, den eine parten ber om at hemnen vert avslutta eller familiane/slektene kjem fram til ei løysning begge kan akseptere.

Privat eller politisk hemn: er ein form for personleg eller familiebasert hemn som vil vera avslutta etter at drap er utført, oftast som respons på drap utført av eller tinga av den personen som så vert drepne eller relatert til politisk/militær strid. Dette skjer ofte når styresmakter ikkje er i stand til (eller vil) pågripe og rettsforfølgje drapsmenn, og/eller, at dei ikkje har folk sin tillit.

Blodhemn har tradisjonelt vore assosiert med den etniske gruppa *pashtunrar* og deira æreskodeks kalla *pashtunwali*. *Pashtunarane* oppheld seg i både Pakistan og Afghanistan og har historisk sett hatt statsmakta i Afghanistan sidan landet vart samla i 1747. Gjennom denne makta og kontakten som har vore mellom dei etniske gruppene har også praksisen i ein viss grad vorte tatt opp av andre etniske grupper. Privat eller politisk hemn er i stor grad eit resultat av dei omfattande menneskerettsovergrepa som har funne stad i Afghanistan sidan krigshandlingane starta i 1978.

Det er vidare viktig å presisera at både dei involverte og i stor grad det afghanske statsapparatet ser på hemn, og spesielt blodhemn, som eit privat forhold som ikkje vedgår det offentlege rettsapparatet. Det afghanske Innanriksdepartementet rapportere i november 2006 at dei ikkje registrerte blodhemn som drapsårsak.


Den avgrensa tida som vart avsett til å skriva denne rapporten, har medført at me har fokusert på tilgjengeleg litteratur og informasjon frå intervju som kunne gjennomførast i Kabul. Det bør derfor takast med at me kanskje ikkje har klart å fanga opp lokale variasjonar i korleis privat hemn og blodhemn vert praktisert i alle delar av Afghanistan, eller omgrep nytta for dei forskjellige praksisane.

Pashtunsk ordtak:

The longer we wait for our revenge, the sweeter it is.

Introduksjon til Afghanistan

Pashtunarar er den største folkegruppa i Afghanistan, medrekna dei afghanske nomadane, *kooshies*, med sine forskjellige migrasjonsruter som også går inn i Pakistan. Briten Durand trakk i 1893 opp grenselinja som skil Afghanistan og Pakistan og som kom til å dele opp det *pashtunske* stammesamfunnet. Oppdelinga er framleis kjelde til konflikt mellom dei to landa, og er ikkje anerkjent av mange *pashtunarar*. Nedafor er ei grafisk framstilling av den etniske fordelinga i Afghanistan, men anslag over representasjon av dei forskjellige andre hovudgruppene: *tajikar*, *hazararar*, *uzbekar* og *turkmenar*. I tillegg kjem mindre grupper som *balouchar*, *arabs*, *aimaqs*, *qiselbash* og *nooristanis*.¹ Gitt den etniske blandinga og den store graden av etnisk samhandling i byane, så har etnisk tilhøyrse historisk sett ikkje utgjort hovudårsaker til konflikt. Men under den sovjetiske invasjonen og spesielt under striden mellom afghanske grupper på 90-talet, vart etnisitet bevisst nytta i militær mobilisering og maktkamp, også av naboland som ønskja å fremma egne politiske og religiøse interesser.



Kart: Etniske grupper i Afghanistan, kjelde CNN 2002

Dei fleste afghanarane er *sunnimuslimar* (anslått til 80 %), *hazarane* og ein del andre mindre grupper utgjer ein minoritet av *shiamuslimar* (19 %) medan eit marginalt antal høyrer til andre religionar. Historisk sett har *sunnimuslimane* undertrykt *shiamuslimane*. Så seint som på 1930-talet var det lovleg å halda *hazaraer* som slavar. I 1993 stod *tadjikar* og *pashtunarar* saman om ein omfattande etnisk reinsing av *hazararar* i Kabul i 1993, og Taliban stod for fleire tilfelle av massedrap utover på 90 talet.²

¹ Ifølgje World Factbook 2007 er forholdet mellom dei forskjellige gruppene som følger: pashtunarar 42 %, tajik 27 %, hazara 9 %, uzbek 9 %, aimak 4 %, turkmen 3 %, baloch 2 %, andre 4 % (<https://www.cia.gov/cia/publications/factbook/geos/af.html>)

² Slavesystemet er omtala i boka *The Hazaras* av Hassan Poladi, og Taliban stod mellom anna for massakrar av *hazaraer* i Yaukalang og Mazar-e Sharif.

Før me går inn på ein diskusjon om dei forskjellige formene for hemn, er det viktig å gjera synleg at det har vore kontinuerleg krig og væpna konflikt i Afghanistan sidan 1978. Landet var del i den kalde krigen på 80-talet, utsett for regional maktkamp og framvekst av Al Qaida på 90-talet og frå 2001 av krigen mot terror. Ein ekstrem grad av vald vert kvar dag utøvd i Afghanistan, ofte av folk innan politi eller hæren eller av kommandantar som er assosiert med dei internasjonale styrkane. Store mengder våpen og utstrakt fattigdom er også årsak til mange ran og drap. Kamp om kontroll over produksjon, foredling og transport av narkotika er ei anna konflikt som og er årsak til drap.

Blodhemn, som vert omtala i detalj nedafor, har primært vore assosiert med dei stammeorganiserte *pashtunarane* og deira kodeks og lovverk, *pashtunwali*. Hemnen er i utgangspunktet eit kollektivt stamme- og familieansvar, men inkluderar også mekanismar for å slutføre konflikten og hindre hemnprosessen. Hemnen er sett på som legitim og offentleg i den forstand at drap ikkje kan fornektast, men det er likevel sett på som eit privat forhold som statsmakta ikkje har noko med (eller vil ha noko med). Det inkluderar også drap innan familiar, som når kvinner er vurdert å ha vanæra familien si ære. Dersom det er antatt at kvinna har hatt eit forhold til ein mann kan både kvinna og mannen drepast. Samtidig skal kvinner vernast frå hemn, det er menn som er det primære målet. Tek nokon seg inn i hus der det ikkje er menn til stades, så er det eit grovt brot på *pashtunwalil*.

Årsaker til privat hemn

Privat eller politisk hemn er oftast assosiert med den nærare historia, den som starta med Saur-revolusjonen i 1978, og vart etterfølgt av den Sovjetiske invasjonen i 1979. Her var det primært statsmakta, politiske parti, kommandantar med varierende lokal forankring og militsgrupper som stod for valdsutøving.³ Denne forma for hemn som desse overgrep har utløyst, er primært privat eller familiebasert, og er rekna som ein avslutta sak når gjerningsmannen er drepent. Den drepne sin storfamilie eller stamme har såleis ikkje eit æres ansvar for å hemne drap basert på politiske overgrep.

Der er rikeleg av hendingar som har skapt grunnlag for privat eller politisk hemn, og det vil nedafor verta gitt ein del historiske eksempel som har og framleis kan utløyse slik hemn. I tillegg kjem sjølvsaugt overgrep og drap grunna i at enkeltpersonar og grupper har utnytta sin politiske og militære maktposisjon.

Det vert hevda at alt under Saur-revolusjonen i 1978 drap fraksjonar innan kommunistpartiet, Peoples Democratic Party of Afghanistan (PDPA), tusenvis i indre maktkamp. Dei er også anklaga for å ha likviderte ei rekke politiske motstandarar frå maoistiske og islamske grupper og for å ha arresterte einkvar dei såg som mogeleg fiende. Blodbadet og motstanden dette medførte var truleg årsak til den sovjetiske invasjonen i 1979, som i tillegg til dei anslagsvis over ein million drepne også førte til at 5 millionar flykta til Pakistan og Iran.

Desse hendingane førte til skarpe skilje innan det afghanske folket mellom dei som vart definert å vera på Kabul-regimet si side og dei som var del av eller støtta motstandsørsla sin *jihad* (heilag krig), ofte omtala som *mujahideen* (heilage krigarar). Begge sider utførte utallige overgrep mot motstandarar og mot dei som vart vurdert som mogeleg overløparar. Mange lærarar vart likvidert av *mujahideen* med den grunngevinga at dei var mogeleg kommunistar, og Kabul-regimet sitt

³ BBC har laga ein introduksjon til overgrep som har funne stad i Afghanistan sjå http://news.bbc.co.uk/1/hi/programmes/from_our_own_correspondent/4258343.stm, og Afghan Independent Human Rights Commission sin rapport 'A Call for Justice' gjer fleire, tilgjengeleg på http://www.aihrc.org.af/Rep_29_Eng/rep29_1_05call4justice.pdf

etterrettingsvesen (KHAD) arresterte og torturerte mange dei mistenkte for å ha kontakt med motstandsørsla.⁴

Det var vidare rivalisering mellom *mujahideen*parti, spesielt Hezbi-e Islami (Hekmatiar) og Jamiate-e Islami, som også medførte drap i Pakistan av dei som vert sett på som i opposisjon mot partia eller *jihad* generelt.⁵ På midten av 1980-talet såg ein også framvekst av militsgrupper, der den *uzbekiske* generalen Dostum si gruppe *Gilam Jam* (teppetjuvane) var den mest berykta. I tillegg til den ekstreme valden og drapa dei stod for så var 'belønninga' til soldatane at dei hadde rett til krigsbytte i områda dei inntok, inkludert kvinner og barn. Mannlege fangar kunne verta frigitt mot betaling frå pårørande eller slekt.⁶

Etter Sovjet trakk seg ut i 1989 auka den indre rivaliseringa og maktkampen. Likevel tok *mujahideen* makta i Kabul 1992, etter at etniske alliansar var etablert og sentrale kommandantar på regjeringssida bytta side. Ein del av denne prosessen fungerte som politisk forsoning, der deler av den eksisterande 'kommunistiske' administrasjonen vart innlemma i den nye *mujahideen*regjeringa, inkludert sikkerheitstenesta. Omfanget av drap som kan sjåast som politisk hemn, var avgrensa. Dei fleste som hadde vore sentrale medlemmer og maktutøvarar i kommunist parti og administrasjon, hadde reist frå Afghanistan før regimet fall – mange til Europa, inkludert Noreg.

Men freden varte ikkje lenge, maktkampen i Kabul førte til skarpare etniske og religiøse skilje. Dette medførte at *tajikar* under leiing av Ahmed Shah Massoud og *pashtunarar* under Abdul Raouf Sayaff gjekk saman om ein massakre av *hazaraer*, med mål om å redusera deira politiske innflytelse i Kabul.⁷ Overgrepa var massive i perioden 1991 til 1996, og ikkje berre i Kabul.⁸ I resten av landet kjempa tusenvis av kommandantar om kontroll over land og vegar, sjekkpostar vart oppretta, privatpersonar og hjelpeorganisasjonar plyndra og/eller tatt til fange mot 'ransom' eller skattelagt av kommandantane. Den politiske maktkampen heldt fram – ofte med sterke etniske overtonar.

Det er veldig få som har vorte halde til rette for menneskeretts overgrep. Den einaste kommandantane er Faryadi Zardat som kontrollerte Sarobi sør for Kabul på 90 talet. Han vart dømt i London Central Criminal Court i juni 2005 for omfattande overgrep i perioden 1991 til 1996. Frå regjeringssida vart to senior KHAD offiserar, Hibibullah Jalazai og Hesamuddin Hesam, stilt for retten i Nederland i 2005 og dømt til henholdsvis 9 og 12 års fengsel. I Afghanistan er til no ein person stilt for retten, og så umiddelbart avretta etter å ha fått dødsdom i februar 2006. Det er tidlegare KHAD sjef Assadullah Sarwari, og dommen gjaldt for drap han hadde gitt ordre til i 1978 i kraft av sin stilling.⁹ Ved val til det afghanske parlamentet vart vallova sitt forbod mot at personar med tilknytning til militære grupper kunne veljast, oversett. Resultatet er at mange kommandantar og dei som er omtala som krigsherrar, fekk plass, Enkelte meiner at dei utgjer over 50 % av medlemmene i parlamentet.

Taliban (religiøse studentar) kom på banen i 1994 som ein reaksjon mot den manglande tryggleiken som var eit resultat av maktkamp mellom *mujahideen*- partia og kommandantar. *Taliban* inntok raskt og utan nemneverdig bruk av militærmakt store delar av Sør-Afghanistan. Ved å avvæpna motstandarane vart konfliktnivået senka, og storparten av kommandantane forlet Afghanistan eller

⁴ I eit intervju kom det fram at ein person hadde vore fengsla eit år grunna at han hadde gått i same klasse på universitetet som son til ein som var mistenkt for å vera opposisjonell

⁵ Pakistan forlanga at for at flyktningar kunne få humanitær assistanse, så måtte dei registrera seg i eit av dei sju afghanske og *sunni*slamske partia dei hadde godkjent.

⁶ Intervju i Moqor distriktet i Ghazni i 2003 identifiserte at mange frå dette området som hadde vore med Taliban, framleis vart heldne fanga av Dostum i påvente av at familiane skulle klare å skaffe løysepengar.

⁷ Dei som stod bak og iverksatte denne massakren er no innvalde i det afghanske parlamentet.

⁸ Sjå for eksempel J. Leslie og C. Johnson (2005) *Afghanistan: A Mirage of Peace*, London, Zed Books

⁹ Saka fekk ein del omtale i Kabul der det vart hevda at han primært vart avretta på grunn av kunnskapen han hadde om overgrep utført av personar som no sit sentralt i regjering, parlament og i det militære.

slutta seg til *Taliban*. Etter kvart som den *pashtunar*-dominerte rørsle møtte motstand i område kontrollert av andre etniske grupper, auka valdsbruken. Massakrar fann stad i Mazar-e Sharif, Yaukalang og på Shamali sletta. I tillegg etablerte dei sitt religiøse politi som gjekk hardt fram mot befolkninga, og spesielt kvinner som ikkje oppfylte deira krava til sømeleg framferd. Samtidig kan det argumenterast med at dei auka den generelle tryggleiken for kvinner, graden av valdtekt gjekk ned samanlikna med dei overgrepa som fann stad under *mujahideen*-perioden.¹⁰

Etter terrorangrepet i USA i 2001 dreiv internasjonale styrkar i samarbeid med troppar frå Nordalliansen *Taliban* frå makta, og dei trekte seg tilbake til landsbygda. Dei gamle kommandantane vart inviterte tilbake i maktposisjonar, styrka med nye våpen, rikeleg med pengar og kontaktar med internasjonale styrkar, og vart vurderte som nyttige i kampen mot terror. Problemet var at når dei fekk posisjonar i politi, hæren og som guvernørar og distriktsadministratorar, så heldt deira gamle praksis med undertrykking og utbytting fram. Undersøking av valdsnivået i utvalte område av Afghanistan i 2005 synte at det i enkelte distrikt var registrert titals drap. Ein oversikt frå Faryab i november 2006 identifiserte at politiet vart sett på som ein trussel mot befolkninga, meir enn som vern mot overgrep.¹¹

Demobilisation, Disarmament and Reintegration (DDR) prosessen, iverksatt under Afghan New Beginning Programme (ANBP),¹² hadde som mål å avvæpne militære grupper og redusere antal våpen i omløp. Den har i liten grad fungert etter målsetjinga, dels avdi kommandantar sett som viktige allierte til dei internasjonale styrkane ikkje vart inkluderte og dels avdi kommandantar nytta programmet til å få betalt for overlevering av gamle våpen. Men, frå fleire stader er det rapportar om at mindre kommandantar som har vorte 'DDRd' er drepne etter at dei har levert ifrå seg våpen, då grunna i tidlegare overgrep.

Det er no to hovudretningar representert i Afghanistan som vil ha innverknad på det framtidige omfanget av personleg hemn. Den eine er ein 'Transitional Justice Process' (TJP) som er initiert av AIHRC, og som formelt vart støtta av President Karzai i desember 2006. Den vil gje høve til å dokumentere overgrep og drap over heile den nære konflikthistoria, og setje i verk ein nasjonal konsultasjon for å finne beste måten å handtera prosessen mot dei som har stått for grove overgrep. Dette har møtt stor motstand frå dei som fryktar å verta stilt til rette for slike overgrep, der mange som sagt er å finne i statsadministrasjon eller er medlemmer av parlamentet. Årsaka til at dei hamna i desse posisjonane, var ein koopteringsstrategi overfor dei mest innflytelsesrike kommandantane som var støtta av FN og ikkje minst USA utifrå ønske om å redusere den militære trusselen mot Karzai-regjeringa.¹³ I samtalar med AIHRC i november 2006 uttalte dei at einaste måten å få ein slutt på privat hemn var ein effektiv TJP-prosessen som kunne dokumentere og også handtera tidlegare overgrep på ein organisert, kollektiv og forsonande måte.

Som eit motsvar kom så parlamentet sitt generelle amnesti for alle militære grupper 31. januar 2007, som effektivt riv grunnen under heile TJP prosessen same om argumentet er det same: forsoning. Medan AIHRC (og no også FN) vektlegg rettane til dei som har vore utsett for overgrep, så vernar parlamentet overgriparane – det vil nødvendigvis føra til fleire tilfelle av privat hemn.¹⁴

¹⁰ Det gjaldt i alle fall i Kabul utifrå informasjon underteikna innhenta i perioden 1993 til 1997.

¹¹ I fleire provinsar er politiet rekruttert frå dei militære gruppene, der kommandoforhold til kommandantar då er oppretthaldne.

¹² Fellesprosjekt for den Afghanske regjeringa og United Nations Development Programme, sjå: <http://www.undpanbp.org/>

¹³ FN sin spesialutsending Brahimi avviste ei underøking av ein massakre av Taliban-soldatar med at det det var viktigare å konsentrere seg om dei som no var i live enn dei som alt var døde.

¹⁴ UNAMA gav etter måten ein skarp merknad til parlamentet sitt vedtak, sjå <http://www.unama-afg.org/news/statement/UNAMA/07feb01-UNAMA-statement-on-WG-resolution-31%20Jan.pdf>

Det afghanske rettssystemet og drapsomfang

Ei anna årsak til at så mange tek hemnen i eigne hender, ligg i at det afghanske rettssystemet verken fungerer eller har tillit mellom afghanarar. Systemet vert sett på som dønn korrupt. Den som har mest pengar å bestikka dommaren med, vil alltid vinne saka. Når folk også har liten tillit til politiet vel dei fleste å ikkje ta saker via det offisielle apparatet.¹⁵

Dessutan er det for mange meir nærliggjande å søkje til det tradisjonelle konfliktløysingssystemet, *jirgaen* i dei *pashtunske* områda, eller *shuraen* i andre område, der eldre menn og religiøse leiarar er satt til å løysa konflikter gjennom ein rådsfunksjon.

Som nevnt ovanfor, både Høgsterett og innanriksdepartementet stadfestar at dei ikkje innhentar informasjon om årsak til dei drapa som vert utført. For AIHRC sin del så er deira statistikk bygd på det som er rapport til dei. Dei driv ikkje (offisielt) eigen innhenting av data om draps eller overgrep saker. Samanliknar ein den statistikken dei forskjellige instansane presenterar, så er det store forskjellar.

Høgsterett sitt register, for 2006 (inntil desember). Data frå ‘Litigate Courts’ frå 34 provins-hovudstadar.

Nr	Type kriminalitet	Antal saker
1	Mord	488
2	Slåing & tortur	590
3	Kidnapping	41

Høgsterett sitt register, for 2006 (inntil desember). Data frå ‘Primary Courts’ frå 410 distrikt.

Nr	Type kriminalitet	Antal .saker
1	Mord	291
2	Slåing & tortur	579
3	Utpressing & mordforsøk	35
4	Kidnapping	37

Saker registrert med ‘Attorney & Litigate Courts’ i samarbeid med ‘Ministry of Interior, Attorney of State, Police Head Quarter, Governor’s House in Kabul’ og andre provinsar. Dette er saker som ikkje er inkludert i Høgsterett sin statistikk.

Nr	Type kriminalitet	Antal saker
1	Mord	387
2	Slåing & torture	91
3	Sjølvmord ¹⁶	124
4	Kidnapping	236
5	Utpressing og mordforsøk	70

AIHRC har til no ikkje hatt noko samordna register, men dei har brukt tilgjengeleg informasjon til å laga oversikt over kva dei har fått rapport som personleg og politisk hemn. Den eine statistikken

¹⁵ Ein intervju i Kandahar våren 2005 fortalde at dei heller registrerte overgrep med AIHRC, ikkje avdi dei kunne gjera noko men då vart saka iallefall registrert.

¹⁶ Det er primært kvinner som utgjer sjølvmordstatistikken, mange i avmakt over dei overgrepa dei vert utsatt for.

gjeld provinsen Daikundi som er etnisk blanda. Den andre er ein samanlikning mellom provinsar i forskjellige delar av Afghanistan.

Personleg og politisk hemn registrert med AIHRC sitt Daikundi provinskontor i 2005/2006

Nr	District	Antal personleg hemn	Antal politisk hemn	Detaljer
1	Sharistan	1	2	
2	Mir Omor	3	0	
3	Khadir	1	0	
4	Sang Bakht Bandar	0	0	
5	Ashtarli	1	5	
6	Kajran	0	8	Hemn mot Taliban
7	Kitee	1	13	Hemn tatt av Taliban
8	Gizab	0	0	¹⁷
9	Nilee	0	0	
Totalt		7	28	

Hemnsaker registrert med AIHRC sine regionale kontor i 2005/2006 i provinsane:Kandahar, Helman, Nangarhar, Kunar, Herat, Kunduz, Takhar og Baghlan

Nr	Provins	Antal personleg hemn	Antal politisk hemn	Detaljer
1	Kandahar	3	1	Tilfelle i Speen Boldak
2	Helmand	2	0	
3	Nangarhar	5		
4	Kunar	1		
5	Herat	1	2	Drap av luftfartsminister Mirwais (son til Ismail Khan) og påfølgande hemn mot kommandant Amanullah ¹⁸
6	Kunduz	4		
7	Takhar	3		
8	Baghlan	1		
Totalt		20	3	

Det er klart at denne statistikken ikkje fangar opp antal hemndrap i desse provinsane, spesielt ikkje i dei *pashtunske* områda i sørlege og austlege Afghanistan. Uoffisielle data frå AIHRC som me fekk tilgang til, viser ein langt alvorlegare situasjon. I 2004 hadde dei registrert **75** drap, i 2005 **136** drap, og inntil november 2006 **154** drap. Desse tala er også for låge då i ein god del av sakene er det ikkje oppgitt antal drepne, berre at der er mange. Felles for mange av drapa er at det er kommandantar eller 'gunmen' som er oppgitt som drapsmenn, og i ei rekke tilfelle er det politiet (og i to tilfelle provinsguvernøren) som er dei antatte gjerningsmennene.

Dette synest også stadfesta av ei meir detaljert undersøking utført av afghanske NGOar som har intervjuar framtrekande personar, religiøse leiarar og lokale regjeringsstiltsette i 11 provinsar. Det er

¹⁷ Taliban har full kontroll i Giza- distriktet, derfor er det ikkje noko registrering foretatt av AIHRC.

¹⁸ Ifølge AIHRC medførte kommandant Amanullah sitt drap av luftfartsminister Mirwais til at ytterlegare 17 personar vart drepne i gjensidige hemnoppgjær. Seinare vart kommandant Amanullah sjølv drepne av Arbab Abdul Basir, som igjen vart drepne av Amanullah sine menn.

deira kunnskap om konflikt og drap i landsbyar og distrikt som er lagt til grunn, ikkje det som er rapportert til politi eller styresmakter.¹⁹

Eit interessant funn frå NGO-studien er kor stor skilnad der er mellom provinsar og distrikt når det gjeld tal på konflikhtar som leiar til drap. Der er relativt få drap registrert i provinsane Kunduz og Badakshan i nordaust (*tadjik* dominert) og i distrikta Jagori og Malistan i Ghazni-provinsen (*hazara*-dominert) i Sentral-Afghanistan. Men i enkelte andre distrikt er drapsraten ekstremt høg, som Jabul Saraj i Parwan provinsen, Abkamari-distriktet i Bagdri provinsen, og i delar av Pusht Road-distriktet i Farah-provinsen. Årsakene varierar, men strid over land, vann og arv framstår som overordna konfliktårsaker, men i enkelte område er tjuveri og blodhemn herkande. I den *tadjik*-dominerte Sarah-landsbyen i Parwan (nord for Kabul) er det for eksempel oppgitt 20 drap siste året, også her grunna i konflikt over land og vann og personleg hemn.

Det dette materialet kastar lys over, og som intervju med høgtstående tenestemenn i Høgsterett og innanriksdepartementet stadfester, er at offisiell statistikk ikkje gjev eit korrekt bilete av omfanget av personleg hemn og blodhemn i Afghanistan. Når så ein talsmann i justisdepartementet opplyste at dei ikkje innhentar informasjon eller fører statistikk over verken privat hemn eller blodhemn, så er det vanskeleg å etablere omfanget av slike drap. Leiar av 'Criminal Branch' i Høgsterett oppgav at dei hadde 3 000 registrerte og uløyste drapssaker, men at dei ikkje har statistikk over kva som har forårsaka desse drapa.

Det nærast me kom eit overslag, var ein seniordommar som leiar 'Studies and Investigation Department' i Høgsterett. Han anslo utifrå eigen erfaring at 80 % av alle mord var relatert til dei to nemnde formene for hemn, og at drapa i stor grad var resultat av overgrep utført under dei siste 25 åra med krig.

Samstundes seier høgsterettsdommaren at der er inga spesiell føresegn i det afghanske lovverket som omhandlar hemndrap, men at einkvar som har utført drap, kan dømmast til 20 års fengsel eller, sitat: 'to be hung up'. Men han seier samtidig at dersom eit drap er utført som hemn, så vil det i praksis kunne medføre redusert straff, det vil seie nokre år i fengsel.

Han nemnte og at sharia, som er bygd på Koranen, ikkje gjev noko eintydig svar. Nokre vers opnar for hemn, medan andre gjev klar anbefaling om tilgjeving og at hemn ikkje må skje.

Då er me attende til korleis dei forskjellige stammene, etniske og religiøse gruppene sjølve handterer drap innafor sine egne historiske og kulturelle rammer.

Pashtunwali og blodhemn

Blodhemn er primært assosiert med *pashtunarar* og deira ærekodeks/lov *pashtunwali*. *Pashtunarane* utgjer eit av verdas største stammesamfunn, med ei vidare oppdeling i hoved og understammer. For Afghanistan er dei to hovudgruppene, Durrani og Gilzai, der tradisjonelt sett Durrani-stamma har hatt statsmakta, no personifisert med president Karzai. Æresomgrepet står sterkt, eldre menn nyt respekt som forvaltarar av felles kunnskap og visdom, og saker skal avgjerast i råd der alle menn har rett til å møte og fremme si sak. Vedtak vert fatta ved konsensus, og dei som eventuelt set seg opp mot kollektive vedtak, vert staffa. Islam er rekna som ein integrert del, same om det til tider er motstrid mellom Islamsk lære og pashtunsk praksis. Kvinnens rett til arv er eit slikt område.

¹⁹ Opplysningane er frå Afghan Baseline Survey initiert av Peace Consortium og omfattar 11 provinsar, som inkluderar dei internasjonale NGOane Christian Aid og Trocaire og dei national NGOane AWSDC, CPAU og SDF.

Historisk sett var det dei britiske administratorane som dokumenterte korleis det pashtunske samfunnet var organisert, Sir Olaf Caroe skreiv 'The Pathans', og ei rekke andre mindre studiar om enkeltstammer vart også forfatta. Louis Dupree si bok 'Afghanistan' gjev ein brei introduksjon til dei forskjellige afghanske etniske gruppene bygd på omfattande feltarbeid på 1960- og 70-talet. Her kan det refererast til eit utsegn om konflikten mellom *pashtunwali* og Islam (side 103).

Some of the ideals of Afghan tribal society run counter to literate Islamic principles. The Pushtunwali, for example, demands blood vengeance, even on fellow Muslims, contradicting Sura 4:92-93: 'It is not for believer to kill a believer unless it be by mistake. He who hath killed a believer by mistake must set free a believing slave, and pay the blood-money to the family of the slain, unless they remit it as a charity.'

Vidare skriv Dupree (side 123) at *pashtunwali* innebære for ein *pashtunar*:

- To avenge blood.
- To fight to the death for a person who has taken refuge with me no matter what his lineage.
- To defend to the last any property entrusted to me.
- To be hospital and provide for the safety of the person and property of guests.
- To refrain from killing a woman, a Hindu, a minstrel, and a boy not yet circumcised.
- To pardon an offence on the intercession of a women of the offender's lineage, a Sayyid or a mullah.
- To punish all adulterers with death.
- To refrain from killing a man who has entered a mosque or the shrine of a holy man so long as he remains within its precincts; also to spare a man in battle who begs for quarter.

Sentrale omgrep ein ellers finn i litteraturen om *pashtunwali* er *ashar* (dugnad), *badal* (rettferd/hemn), *jirga* (råd), *mel masti* (å ta imot og verne gjester), *nang* (ære), *nanawatai* (tilgjevelse og konfliktløysning).

Ei rekke danske antropologar har studert dei *pashtunske* nomande-stammene og organisering i enkelte geografiske område. Den pakistanske antropologen Anwar Ul-Haq Ahady tok i 1995 opp svekkinga av *pashtunane* sin rolle i Afghanistan. Kvinner sin rolle i eit mannsdominert samfunn er omtala av Bohesen og Grimma. Websida [Pashto](http://www.pashto.org) gjer ein oversikt over både historie, språk og tradisjon.²⁰

I Noreg (og internasjonalt) er arbeidet til Fredrik Barth mest kjent, men det tek utgangspunkt i *pashtunsk* organisering i Swat-dalen i Pakistan. To andre norske bidrag er Hans Husum sitt bistands orienterte hefte, utgitt av den Norske Afghanistan-komiteen i 1990, og ein artikkel av Petter Bauck frå 2006 som drøftar grenseproblematikk. Nemast kan også the Economist sin artikkel av 19 desember 2006 som tek opp æresomgrepet i *pashtunwali* (ei litteraturliste med ein del utvalde bøker og artiklar er vedlagt).

På tross av den omfattande litteraturen har me valt å søkje informasjon om korleis *pashtunarar* i dag tolkar og praktiserar sine forskjellige hemnomgrep. Hovudinformat er ein seniorforskar som også er medlem av ein *jirga*. Som dei andre etniske gruppene differensierar *pashtunarar* mellom planlagt og ikkje tiltenkt drap, med utmåling av straff deretter. Når *jirgaen* kjem fram til at drap ikkje er planlagt, så set dei i verk ein forsoningsprosess mellom den drepne sin familie og den som kom til å drepa. Det vert så langt me har klart å undersøkje, ikkje utmålt noko straff i slike tilfelle, men moglegevis kan økonomisk kompensasjon vera del av forsoninga.

²⁰ <http://www.pashto.org/content/view/35/52/>

Omgrepet 'preventive revenge' er nytta når drap vert utført for å hindre ny hemn. Ifølgje vår informant fell dette inn i kategorien av drap som *jirgaen* ikkje har avklara om er planlagt eller ikkje. I slike tilfelle vil *jirgaen* setje ein *nagha* for begge partar, det vil seie ein økonomisk kompensasjon som vil verta utløyst dersom ein av partane bryt avtalen (og som så skal motverke nye drap).

Men, når eit drap har vore skjedd med vilje og saka kjem for *jirgaen* er deira intensjon å finne ei løysning som ikkje utløyser blodhemn, kalla *poor*. Den som har utført drapet, og familien hans, vert vanlegvis dømt til å overlevera to ugifte jenter til den drepne sin familie. I bytte skal dei motta eit to år gammalt barn, kalla *aspara*. Jirgamedlemmene og religiøse eldre leiarar vert med mordaren sin familie når jentene skal overleverast til den drepne sin familie, og for å oversjå at barnet vert overlevert til drapsmannen sin familie. Jente skal så giftast med son til den drepte, eller dersom det ikkje er nokon son, skal giftemålet inngåast med bror til den drepne, eller, dersom det heller ikkje er nokon bror, med næraste nevø til den drepne. Vidare må mordaren betala Afs. 40 000 til den drepne sin familie. Og som vår informant forklarar: same om denne måten å løysa og hindra vidare konflikt på bind opp begge familiane gjennom å etablere blodsband, så utgjer praksisen eit forferdeleg overgrep mot dei kvinnene og barna som vert utvalde til utvekslinga.

Skulle den drepne sin familie ikkje akseptera at saka vert lagt fram for *jirgaen*, eller ikkje godta den avgjera *jirgaen* kjem fram til, kan dei søkje blodhemn når dette høve byr seg. I enkelte tilfelle kan også den drepne sin familie avslå utveksling av to jenter, og heller forlanga økonomisk kompensasjon. Skulle dei så likevel kome til å utføre blodhemn, skal denne kompensasjonen betalast tilbake.

Dersom den drepne sin familie melde drapet til afghanske styresmakter og den som har utført drapet vert fengsla og avretta (eller døyr i fengsel), vert blodhemnen ikkje iverksatt og kompensasjon ikkje kravd. Men dersom den drepne berre får fengselsstraff, skal den drepne sin familie motta økonomisk kompensasjon.

Eit viktig unntak, og som er med å trekkje skilje mellom blodhemn og privat hemn, er at blodhemn ikkje vert utløyst når nokon vert drepne i militære handlingar mot stat eller andre sett på som autoritetar.²¹ Blodhemnen er innan slekt og stammenettverk, og vert dermed gjort til eit kollektivt ansvar.

Andre etniske/religiøse grupper og hemn

Som sagt, blodhemn som praktisert mellom *pashtun*ar, har ikkje vore så vanleg innan dei andre etniske gruppene i Afghanistan. Likevel skjer det, kanskje mest i område som historisk sett har hatt ei blanding av *pashtun*sk og andre etniske grupper og der felles normer over tid har fått rotfeste. Personleg hemn, derimot, har vorte vanleg både internt i dei forskjellige gruppene, og mellom dei.

Intervju med leiarar innan *tadjik*- og *hazara*-nettverk avdekkar både eit stort omfang av personleg hemn og at dei forskjellige gruppene har mekanismar til å handtera det. Som dokumentert mellom anna i Faryab-provinsen i Nord-Afghanistan, så vert dei fleste konfliktane løyste gjennom eldreråd, som inkluderar også voldtekter og drap, same om konfliktar over vann og land dominerte. Ein senior-leiar i ein distriktsadministrasjon fortalde at veldig få slike saker vart viste til dei, og han såg

²¹ Dette byggjer på intervju i fleire provinsar i Sør-Afghanistan, der spørsmålet har vore om handlingar og drap utførte av regjeringshæren har utløyst blodhemn. Men det kan likevel utløyse privat hemn dersom æra til familien vert sett som krenka, som er nemt i samband med at internasjonale styrkar har gått inn i hus der det berre er kvinner til stades eller mannlege soldatar har vitist kvinner.

det som positivt at dei vart løyst lokalt.²² Det negative er sjølvsagt at desse dommane knapt tek omsyn til kvinner sine interesser. Det er løysningar akseptert av menn som får tilslutning.

Intervju med nestleiar i eit *hazara* råd som no fungerer i Kabul, viste til *shia*islam som ei rettesnor i korleis drapssaker vert handtert innan denne gruppa, og at dei med henvising til religion skil mellom drap som er utført med og utan intensjon om å drepa. Når drap er medvete planlagt og utført, kan tilsvaret anten vera 1) drap som blodhemn, eller 2) kompensasjon i 100 kamelar eller c) 200 sauer.

Dersom drapet vert vurdert å ha skjedd utan at det var planlagt, skal familien til den drepne kompensast med 200 sett med klede. Det religiøse regelverket vert administrert av ein *mojthahid*, som avgjer kompensasjonen, i enkelte tilfelle vil dei kunne sjå vekk frå kravet om kompensasjon og søkje forsoning mellom partane. Han viste også til at det tradisjonelt kunne betalast Afs. 100 000 til den drepne sin familie for å unngå blodhemn, ein praksis som ein del råd også no vidarefører.

Eit intervju med nestleiar av ein *tadjik*-shura i Kabul avdekka at dei hadde 50 saker registrerte. Sakene var vist til dei av *tadjikar* som ikkje stolte på det offisielle rettsapparatet, men foretrakk at sakene vart løyste i eit *tadjikisk* eldreråd. Av sakene vart 40 rekna som drap som ikkje hadde vore planlagte, medan ti var politiske drap som reesultat av oppgjer mellom partia Jamate-e Islami (*tadjik*-dominert) og Hezb-e Islami (leia av *pashtunaren* Hekmatiar).

I 36 av desse sakene var ein komne fram til semje om økonomisk kompensasjon, der summen varierte mellom Afs.150 000 og 250 000. I eit tilfelle vart det utveksla døtre mellom familiane for at desse skulle giftast inn i den andre familien.

Av dei ti politisk baserte morda var fire løyst av religiøse leiarar utan at det var gitt kompensasjon, medan det framleis vart forhandla i dei seks resterande sakene. Av desse var det fire som dei hadde vanskar med å finna ei løysning på då mange personar frå begge parti hadde vorte drepne i saker som i utgangspunktet var bagatellar.

I ein anna samanheng vart det også nemnt at *uzbekar* har ein eigen rådsfunksjon i dei fleste provinsane som løysar intra-*uzbek* konflikthar. Det vart sagt at der er årlege møte som etablerar eit felles lovverk, og at saker også kan refererast til eit øvste råd, men denne informasjonen er ikkje verifisert av uavhengige kjelder.

I desember 2006 vart det i Kabul annonsert oppretting av ein *turkmenshura*, Shura Turk-e-Tabar, men denne synes å vera eit politisk verkemiddel meir enn eit reiskap for konflikthandtering.

Det som er viktig å merka seg, er at desse forskjellige *jirgaene* og *shurane* ikkje har faste møtetider eller nødvendigvis heller samansetjing. Dei er reiskap for ein konflikthandtering som vert kalla saman når det er trong for det.

Konklusjon

Det er liten tvil om at praksisen med både privat hemn og blodhemn er utbreidd i Afghanistan, og finn stad innan dei fleste etniske gruppene. Der er forbausande liten offisiell dokumentasjon av omfanget, eller erkjenning av at dette er eit problem som bør handterast frå offisielt afghansk hald. Tradisjonelt har slik hemn fungert som eit privat middel for 'terrorbalanse' i fråværet av ein fungerande eller akseptert nasjonalstat. Det er derfor grunn til å tru at praksisen vil halde fram inntil det afghanske folket anerkjenner og oppfattar at den nye nasjonalstaten, og dei internasjonale

²² Intervju foretatt i desember 2006 for konfliktsensitivitetsstudie initiert av Norad og UD.

aktørane som er satt til å støtte staten, ønskjer og er i stand til å ivarete borgarane sin rettslege tryggleik.

Vidare, så lenge overgrepa mot befolkninga held fram, og rettsprosess mot dei som har stått for alvorlege menneskeretts overgrep ikkje finn stad, så vil der vera grunnlag for at den private hemnen held fram.

Afghanarane vil heller ikkje ta saker til rettsvesenet før dei ser at noko vert gjort med den korrupte praksisen som no eksisterar, og politi og justisvesenet er reformert. Det er ein omfattande prosess som skal til for å byggje ein slik tillit, og inntil vidare vil afghanarane ty til dei tradisjonelle *shurane* og *jirgaene* for å løysa og handtera sine konflikhtar, med dei negative konsekvensane det får for kvinner og barn.

Svært mange har lidd og vorte utsatt for overgrep sidan 1978, og det er all grunn til å tru at afghanarar framleis vil påropa seg retten til å søkje hemn for å oppretthalda eigen ære.

Litteraturliste

- Ahady, A.-u.-H. (1995). "The Decline of the Pashtuns in Afghanistan." Asian Survey vol. 35(no. 7).
- Ahmed, A. S. (1976). Millenium and Charisma among Pathans: A Critical Essay in Social Anthropology. London, Routledge and Kegan Paul.
- Barth, F. (1969). Pathan Identities and its Maintenance. Ethnic Groups and Boundaries: The Social Organization of Cultural Difference. F. Barth. Oslo, Universitetsforlaget: 117– 134.
- Barth, F. (1985). The Last Wali of Swat: An Autobiography as Told to Fredrik Barth. Oslo, Norwegian University Press.
- Bauck, P. (2006). Afghanistan, Taliban and the Unruly Border. Oslo.
- Boesen, I. W. (1980). "Women, Honour and Love: Some Aspects of the Pashtun Woman´s Life." Eastern Afghanistan Folk vol. 21: 229-39.
- Caroe, S. O. ((1958) 1983). The Pathans. Karachi, Owford University Press.
- Christensen, A. (1988). When Muslim Identity has Different Meanings: Religion and Politics in Contemporary Afghanistan, in Islam: State and Society. K. Ferdinand and M. Mozaffari. London, Curzon Press.
- Dupree, L. (1980). Afghanistan. Princeton, NJ, Princeton University Press.
- Dupree, L. (1984a). Pushtun. Muslim Peoples; A World Ethnographic Survey. R. V. Weekes. Westport, Connecticut, Greenwood Press: 622– 630.
- Economist, The. (2006). Honour among them: Pashtunwali: The Pashtuns' Tribal Code. The Economist. London, print edition 19 December 2006
- Ferdinand, K. and M. Mozaffari, Eds. (1988). Islam: State and Society. London, Curzon Press.
- Glatzer, B. (1983). Political Organization of Pashtun Nomads and the State. The Conflict of Tribe and State in Iran and Afghanistan. T. R. London, Croom Helm.
- Grima, B. (1993). The Performance of Emotion among Paxtun Women. Karachi, Oxford University Press.
- Harpviken, K. B., K. Ask and A. Strand. (2002). Afghanistan and civil society. Bergen, Chr. Michelsen Institutt.
- Jawad, N. (1992). Afghanistan: A Nation of Minorities, Minority Rights Group.
- Johnson, C. and J. Leslie (2004). Afghanistan. The mirage of peace. London/New York, Zed Books.
- Mousavi, S. A. (1998). The Hazaras of Afghanistan: An Historical, Cultural, Economic and Political Study. Richmond, Surrey, Curzon Press.
- Olesen, A. (1995). Islam and Politics in Afghanistan. Surrey, UK, Curzon Press.
- Poladi, H. (1989). The Hazaras. Stockton, California, Mughal Publishing Co.
- Rashid, A. (2000). Taliban: Islam, Oil and the New Greate Game in Central Asia. London, I.B. Tauris.

Project No 26096
7/06

Chr. Michelsen Institute (CMI) is an independent, non-profit research institution and a major international centre in policy-oriented and applied development research. Focus is on development and human rights issues and on international conditions that affect such issues. The geographical focus is Sub-Saharan Africa, Southern and Central Asia, the Middle East, the Balkans and South America.

CMI combines applied and theoretical research. CMI research intends to assist policy formulation, improve the basis for decision-making and promote public debate on international development issues.